

SUNNHORDLAND

Ein kunne tru Bjørnson hadde Sunnhordland i tankane då han skreiv fedrelandssongen «Norge, Norge —»: «Oer omkring som fugleunger, fjorde i tunger innover dit hvor det stilner av —.» Ja, her ligg fem-seks «fuglemødre» med ungane sine ikring: Bømlo, Stord og Tysnes i ei rekkje, Hufteren og Stolmen utanfor denne rekkja og Halsnøy innanfor.

Og det er ikkje små barneflokkar dei har, desse fuglemodrene: Dei fem heradi Austevoll, Bremnes, Bømlo, Fitjar og Fjelberg har meir enn 1600 øyar og holmar til saman!

Og «fjorde i tunger»: Hardangerfjorden skjer seg brei og mektig gjennom heile Sunnhordland — under namni Bomlafjorden, Klosterfjorden og Kvinnheradsfjorden — og mot aust og soraust «innover dit hvor det stilner av»: Alfjorden, Olenspollen, Etnepollen, Matrefjorden og Åkrafjorden, den siste mellom fjell heilt til Fjæra.

Men det er ikkje berre *fjordar* i eit slikt øyrike — det smyg seg *sund* mellom øyane, og mellom øyar og fastland.

Det kom ein gong ein ungdom hit ut til Sunnhordland frå indre Hardanger, og han var så forundra, sa han, over at det var *skog* på øyane, han hadde alltid trutt at alle øyar laut vera snaue, skoglause! Saleis er det nok mange stader, men

might well have been the district which Bjørnstjerne Bjørnson had before his mind's eye when he wrote his

«Norge, Norge! rising blue from the grey-green sea,
islands about her like young birds,
deep-reaching fjords
greeted from inland by valley and river ...»

Her lie half a dozen mother birds with their young ones about them: Bømlo, Stord and Tysnes in a row, Hufteren and Stolmen outside and Halsnøy inside. And these mothers have quite considerable families: the five borroughs of Austevoll, Bremnes, Bømlo, Fitjar and Fjelberg embrace more than 1600 islands and islets together.

«Deep-reaching fjords»: Hardangerfjord, broad and majestic, penetrates right through Sunnhordland under the names of Bomlafjord, Klosterfjord and Kvinnheradsfjord — and finally to the quiet nooks far east and south-east with various branches, and the Åkrafjord right up to the distant recess of Fjæra. But there are not only islands in an arhipelago like this, — narrow sounds wind their ways between the islands, and between them and the mainland.

Once there came a youth out there from inner Hardanger, and he was greatly surprised to find the islands well wooded; he had always thought that all islands on the coast must be treeless. This is, as a matter of fact, quite commonly the

ikkje i Sunnhordland — anna nokre ytst ute ved havet. Elles er dei skogkledde og grøderike.

Og når du står på Stord t. d. og ser innetter, minner utsynet om det ein har frå Molde innetter Romsdalsfjorden: Låge skogkledde øyar lengst ute, høge snøfjell bak — berre det at fjelli er meir «alpine» der nord — og hogare. Endå me har dei på opp til vel 1400 meter her og, innover Folgefonna-halvøyi.

Dette landslaget med øyar, sund, fjordar og bygder er *blidt*, sume stader *idyllisk*, og *friskt*.

Heller ikkje er det noko «barskt» folkeferd, det folket som bur her. Det har helst eit mjukt lynne med ei stillfarande, var framferd. Logn skjemt er sermerkt for sunnhordlendingen.

Sume har meint at framferdstonen — reglane for velseda framferd — har halde seg i bygdene her sidan sunnhordlendingane møttest som gildebrør på Onarheimsgildet; me har enno gildeskrai frå dette gildet tolleg heilsleg.

Heilt visst kan ein slå fast at det finst lite kriminalitet og lovkrangel i bygdene her; skrivardomet femner om ikkje mindre enn 14 herad og er såleis eit av dei aller største i landet, rekna etter talet på herad.

Med god rett kan ein seia at somd og venleik sermerkjer folkelivet.

Folket har alltid hatt eit religiøst drag. Haugerørsla slo sterke røter i bygdene og førde til eit rikt religiøst liv, med vitjing av Hauge-venene frå bygd til bygd. Kyrkjesøknaden har vore god i det fleste sunnhordske bygder.

case, — but not here in Sunnhordland, except in some parts right out by the open sea. Elsewhere the islands are both fertile and wooded.

When one stands, *e.g.* on the island of Stord, looking towards the mainland, one is reminded of the view from Molde, looking up the Romsdalsfjord: low wooded islands in the foreground with lofty snow-covered mountains behind, — only that the mountains are more alpine farther north, still loftier and more fantastically shaped. Here in the south too, on the peninsula bearing the Folgefonna glacier, they reach over 4700 ft. The whole region, with its islands, sounds, fjords and farm-dotted countrysides, is smiling, idyllic in parts, and fresh and bracing withal.

Nor is the populace blunt or rough. The people are, on the contrary, generally sweet-tempered and of quiet, gentle ways. A good-natured jocularity is characteristical of the Sunnhordlander. It has been suggested that a high standard of behaviour has been maintained ever since men met as members of the Onarheim guild, the rules of which are fairly completely preserved. It is certain enough that there is comparatively little both of criminality and litigation in this part of the country. The jurisdictional district of Sunnhordland embraces no less than 14 boroughs (*herad*), and is one of the largest in Norway. It can be truly said that the people's life and customs are fair and gentle. Although the medieval scolar Adam of Bremen may somewhat exaggerate when he declares that «all Norsemen are devout Christians, praiseworthy for temperance both in food and habits, loving above all things thrift and modesty», a 19th century English scientist in part substantiates the verdict. He had been crossing a glacier with a companion and a farmer and his daughter, who

Men det ándelegelivet har ovra seg på onnor vis òg. Den fyrste folkehøgskulen på Vestlandet, med Konow S. B. og Nils Juel til lærarar, vart opna på Halsnøy 1868. Seinare dreiv den sermerkte skulemannen Pål Berg skule i same huset. Så var det Amtsskule nokre år, og i dag held Sunnhordland folkehøgskule til på same eigedomen. Den vart reist i 1914. I 1839 vart det sett i gang seminar (lærarskule) på Stord. Ei mengd lærarar har fått si utdaning der i desse 120 ari, og mange sunnhordlendingar har valt læraryrket. I Rosendal skipa stamhusbesidder Rosenkrone i si tid ein skule for ungdom. I det siste har me fått ein fylkesrealskule på Stord; venteleg vert han utvida til gymnas med det fyrste, og både der og på Rubbestadnes er det yrkesskular. I lange tider har ungdoms- og fráhaldslag samla unge og eldre til kulturelt og humanitært opplysningsarbeid i bygdene her.

I litteraturen har Sunnhordland gjort ein fin innsats: Jonas Lie levde her i den bolken av sitt liv då eit menneske tek imot den sterkaste påverknaden frå natur og miljø. (Her vart han òg trulova med si Thomasine; den idylliske holmen i Opsangervatnet, der det skal ha gått føre seg, heiter den dag i dag Trulovingsholmen ...). I diktingi hans er «Gå Pa» tydeleg inspirert av Sunnhordlands-miljøet. Elles har den norske bokheimen fatt nokre av dei beste *folkelivts*-skildrarane herifrå: Jens Tvedt, ein av dei aller største målmeistrane i landet, Arne Vaagen (Sigurd Meidell), Johannes Heggland, Ragnvald Vaage o. fl. Lars Eskeland har gjeve oss både lyrikk og prosa av beste slag, og broren, Severin, er mest

carried the baggage. On the way the companion, who was unused to the hardship of mountaineering, was very nearly spent. When at last they caught sight of the first welcome habitation, the peasants calmly sat down and proceeded to open their bundles. It was some time before the man of science grasped the meaning: they wanted to improve their appearance before entering a stranger's house. Far as he had travelled, he had not before met with plain people who showed so much respect for themselves.

The population has always been distinguished for its religious character. The reformation issuing from *Hans Nielsen Hauge* about the year 1800 (an activity which was sternly resisted by church and state) struck deep roots in the district, leading to a flourishing religious life with visits of Hauge's friends and followers from countryside to countryside. Church attendance is generally good.

But spiritual and intellectual life has also had other modes of expression. The first people's high school, with *Wollert Konow* (later prime minister) and *Nils Juel* as teachers, was opened at *Halsnøy Kloster* in 1868. Later on the eminent schoolmaster *Pål Berg* carried on the work in the same house. To-day the Sunnhordland «people's high school» (*folkehøgskule*) is housed on the same estate. It was built in 1914.

In 1839 a teacher's seminary was started on the island of Stord. A great number of teachers have during these 120 years issued from this seminary, and many natives of Sunnhordland have chosen the scholastic profession. In Rosendal the owner of the estate, Baron Hoff Rosenkrone (celebrated by the poet *Henrik Wergeland*) among other deeds formed a small academy for studious youth. A secondary school has

kjend for lærebøkene sine, som har vore til den største hjelp for nynorsken i skulane. På to nær har alle desse nyttat eit malfør som byggjer på Sunnhordlandsmalet, og det har synt seg at dette er sers velskikka til grunnlag for litteraturmal i poesi og prosa. Det er ledig, mjukt og klangfullt.

Det har vore *tiltaksvilje* og *framtaik* i folket frå gamal tid til no, slik Jonas Lie skildrar det i «Gå På». Reier Jansen Juhl-typar har her vore mange av.

Her var skogar til å finna skipstimer i — skottane og nederlendingane visste om *det*. I fleire hundraår henta dei byggjevirke herifrå til skip og hus.

Men sunnhordlendingane har også bygt til eige bruk: frå viking- og leidangskip i gamal tid til moderne fiskefarty i våre dagar, ikkje minst i Nordlands-perioden i forre hundråret. Då bygde dei jekter til denne farten så å seia i kvar vik her. Ei av desse jektene — Roald Amundsens Gjøa — har vorte verdskjend.

Attat dei mange mindre fartybyggjeri, som har halde seg til våre dagar, har me tri større: Skalurens i Rosendal, Gravdals på Sunde og Ottesens i Sagvåg. Serleg dei to fyrst-nemnde byggjer også jarngrog.

I dag byggjer dei store moderne laste- og passasjerskip ved A/S Stord Verft, og om ikkje lenge skal dei kunna byggja kjempeskip på opp til 100 000 tonn.

Og Leirvik Sveis byggjer heilsveiste fiskefarty og mindre lastebåtar. På Rubbestadnes har me ein av dei største motorfabrikkar i landet.

recently been established in Stord. It will probably before long be augmented with the higher classes (*gymnas*) leading on to the university. Both here and at Rubbestadnes there are arts-and-crafts schools. For ages various leagues and societies have carried on the educational cultural work all over the region.

To norwegian literature Sunnhordland has made a marked contribution. *Jonas Lie* lived here during that period of his life when one receives the strongest impulses from nature and from environment generally. It was here that he became engaged to his beloved Thomasine; the idyllic islet where this is said to have happened is to this day known as *Trulovingsholmen* (which means not the island of «true loves», but simply: «Engagement Islands»). Among Lie's works «Gaa Paal» (go ahead) is clearly inspired by Sunnhordland. Our literature has received some of its best descriptions of the people's life from here. *Jens Tvedt* was one of our great Neo-Norse* stylists. *Arne Vaagen* (Sigurd Meidell) and others have limned the region with the *bok-mål* (Dano-Norwegian) pencil. On the other hand, *Lars Eskeland* har produced fine prose and poetry, whilst his brother, *Severin*, is best known for schoolbooks which have been a great help in the teaching of the Neo-Norse language. The majority of these authors have employed a language-form based on the Sunnhordland dialect, which has proved an excellent foundation, supple, strong and resonant, both in poetry and in prose.

Fine prose-writers to-day are *Ragnvald Vaage* and *Johannes Heggland*.

* *Nynorsk* is the language standard established by Ivar Aasen in the middle of the 19th century, in contradistinction from the Dano-Norw. language.

Medan den store Nordlands-ferdsla stod på, syntte sunnhordlendingane at dei var djerve både i sjømannsskap og forretningar. Denne ferdsla førde velstand til mange sunnhordlandsbygder.

I dag er det brislingfiske og laksefiske som mest vert drive i fjordane her, men sunnhordlendingane er også med i det store vintersildfisket som går føre seg utanfor heile Vestlandet.

Vilkåri for *jordbruk* er gode i bygder som Kvinnherad, Skånevik, Etne, Olen og Sveio. Men øyane gjev også gode vilkår for jordbruk mange stader, med framifrå kalkrik jord.

Jordbruksdrifta har etter kvart vorte modernisert og mekanisert, og store moderne meieri tek no imot mjølki der det er grunnlag for det.

Ei storfelt *shogreising* er sett i gang over heile Sunnhordland.

Industri finst det førebels mindre av, utanom hermetikk-industri og skipsbygging; men han kjem venteleg med full tyngd no då bygdene har fått elektrisk kraft frå det svære kraftverket under Bláfalli inne på Folgefonnahalvøya. Her er lagleg for industri i bygdene her, med gode byggjetufter og gode hamner. I Sunnhordland finst det såleis framifrå grunnlag for eit allsidig, moderne næringsliv. Og framsynte menn har sett det. Jamvel fjellet har loynt rikdomar: Det er alt meir enn 50 år sidan A/S Stordø Kisgruber vart grunnlagt. Svære mengder svovelkis har funne vegen ut til ymse europeiske industriland i desse 50 åri.

There has been initiative and energy in this population from olden times till now, — just as Jonas Lie describes it in «Gaa Paa!»: there have been many representatives of the type Rejer Jansen Juhl. — There were woods, in which could be found timber for ship-building. The Scots and the Dutch knew about that. For hundreds of years they fetched from here building materials for houses as well as for ships. But the native population also built *theirs*: from viking-ships and coast-guard ships in the old days to modern fishing-vessels. In the period of lively trade with Nordland last century they built smacks for this traffic in every creek. One at least of these vessels has become world-famous: Roald Amundsen's «*Gjøa*».

Besides the many smaller ship-yards which have kept on till the present day there are now three larger ones: Skåluren's at Rosendal, Gravdal's at Sunde, and Ottesen's at Sagvåg. The two first-named build steel and iron hulls as well as wooden ones. At Stord dock-yard they now build large modern cargo- and passenger-ships, and will before long be able to launch giants of 100 000 tons. Leirvik welding-works turns out one-piece hulls for fishing-vessels and lesser cargo-boats. Rubbestadnes has one of the largest motor-works in Norway. While the lively Nordland traffic was on, the Sunnhordlanders proved go-ahead, in business as in seamanship, and their activity brought prosperity to many of the communities.

At the present day it is brisling and salmon which constitute the main catch in these fjords; but the people also join in the great winter herring-fisheries which take place along the west-coast.

Agricultural conditions are good in districts like Kvinnherad, Skånevik, Etne, Olen and Sveio. But the islands too

Sunnhordlandsbygdene har levt sterkt med i sogehendinge fram gjennom tidene. Me har grunn til å tro at her var sterkt liv og livleg ferdslig alt i vikingtidi. Den maktige hovdingen Horda-Kåre budde visst her — kanskje i Kårevik på Stord, nærmeste grannen til kjempeverftet på Kjøtteinen; så hadde verftet vore noko eldre enn det er, kunne han ha kontrahert verdsens største vikingskip hjå grannen! Det hadde vel vore mindre von om at han hadde funne seg til rettes med den sermerkte luki fra Sildoljefabrikken tett ved, Stord Marin Industri som det no heiter. Dei har elles funne restar etter eit ovstort vikingskipsnau om lag der dei no har lagt beddingen til dei største skipa, så det er god grunn til å tro at det har vore skipsbygging for der på staden. Det er ikkje underleg at verftet har valt framstamnen av eit vikingskip til firmamerke!

Og litt lenger nord, på hamni til Leirvik, «hovudstaden» i Sunnhordland, ligg skuleskip og duvar i sumarbrisjen medan ei mengd små seglbåtar og motorsnekker er med og lagar liv på sjøen. Alle desse sund og vikar, oyar og holmar og skjer ligg der og byd deg inn til ei vitjing ein solskinssundag med solgangsbris. Vél ein å reisa til *Fitjar*, finn ein attor sogeninne. Der var det kongsgard. Håkon den gode sat der då Gunnhildssonene gjekk til å tak på han og Noreg. I slaget mot dei fekk han banesår der ute.

På *Moster* budde den maktige hovdingen Toralv Mostraskjegg. Om han er det skrive at han var ein nær ven av guden Tor og stod føre Torshovet der. Toralv var mellom dei hov-

in many places offer favourable conditions, with excellent, lime-charged soil. Agriculture has, with the rest, gradually become modernized and mechanized, and large up-to-date dairies receive the milk. Treeplanting on a grand scale has been started all over Sunnhordland.

Industrial activity is, thus far, more limited — outside tinned fish and ship-building; but it may be expected to develop rapidly, now that the various districts have been supplied with electricity from the great power-station under *Blåfelli* («the blue falls») on the Folgefonna peninsula. There are very fair conditions for industry, both good harbours and usefuls building-sites. There is on the whole an excellent basis for a fruitful development of the various modern trades and industries, — a fact which far-sighted men have grasped. The rocks too harbour hidden riches. More than half a century ago the Stord Pyrites Company was founded, and great amounts of pyrites have during these last fifty years been shipped to various European countries.

Sunnhordland has played no inconsiderable part in the history of Norway. There is reason to believe that there was well developed social life and activity here as far back as the Viking Age. The mighty chieftain *Horda-Kåre* probably resided in this part of the country, possibly at Kårevik in Stord, nearest harbour to the great ship-yard above mentioned. So, if the latter had been somewhat older, the hardy Norseman might have contracted the world's largest viking-ship in the closest vicinity. He would perhaps have got on less well with the peculiar and penetrating odour from Stord Marin Industri, the local herring-oil factory. There has, by the way, been found traces of an extraordinarily big viking-ship shed in very much the same place as the cradle for the largest

dingane som laut røma til Island, og vart ein av landnåmsmennene der. På Moster reiste Olav Tryggvason den første kyrkja i Noreg, og på Mostratinget, som var sams for hørder og ryger, tok dei kristentru. Og på same staden lyste Olav Haraldsson første gong kristenretten her i landet, år 1024.

Tynesøy var sæte for dyrkingi av guden Njord, og i gamal tid heitte øyi *Njardarlog*. Eldgamle stadnamn tyder på at Tynnes i si tid var eit sentrum for gudsdyrkning, serleg då visst dyrking av grøderikdomen. Vevatnet heiter framleis det vatnet der dei lauga biletet av Njord (ve = heilagdom).

På innsida av øyi ligg *Onarheim*, møtestaden for Onarheimsgildet. Der ligg og garden *Hovland*, som var sæte for Mowat-ætti. Aksel Mowat var i si tid den mektigaste jorddrotten på lang leid. Dansken Rosenkrantz gifte seg inn i denne skotsk-norske ætti og fekk såleis jordegodset Hatteberg. Det var kjernen i det baroniet — eit av dei få i landet — som vart grunnlagt där. Hovudbygningen og parken står framleis i god stand. No er det Universitetet i Oslo som har hand om det.

I det heile finst det ei mengd stadnamn som tyder på overlag tidleg busetnad mange stader i Sunnhordland. *Huglo* er eitt av desse namni. I båtbryggja på Nord-Huglo fann dei for ikkje så lenge sidan ein stor runestone — med denne innskrifti: ek gudija ungandir i h... („eg góden, som gand ikkje bit på, i H(ugl)“)

I *Kvinnherads-bygdene*, t. d. på Mehl og Ænes, hadde mektige stormannsætter sine sæte. Fram gjennom heile mel-

ships now stands; there is thus good reason to believe that there has been ship-building here before. Not inappropriately have the present ship-builders chosen the prow of a viking-ship as their trade mark.

A little farther north, in the harbour of Leirvik, the capital of Sunnhordland, a training-ship lies ready to start, with a number of small sailings-boats and motor-boats contributing to stir the waters. All these sounds and creeks, islands, holms and skerries lie there, inviting you to a visit on a sunny summer day with a light breeze. If one should choose to look in at Fitjar, one will again find a relic from saga-times: a king's residence. *Hákon the Good* resided there, when the sons of Gunnhild attacked the country. He was killed in the battle there.

On the isle of Moster dwelt the mighty chieftain *Thoralf Mostraskjegg*. He was a great worshipper of the god Thor and presided over Thor's sanctuary. Thoralf was among the chiefs who vere forced to flee to Iceland and became one of the settlers there. In Moster *Olav Tryggvason* built the first church in Norway (the small stone-built church still there is supposed to have been built a century later, about 1100 A.D.). At the *Mostra thing* or assembly, where the men from Hordaland and Rogaland met, the Christian faith was adopted, and in the same place King *Olav Haraldsson* first proclaimed the Christian law in this country, in the year 1024.

Tynnes was the seat of the cult of the god *Njord*, and the island was from of old called *Njardarlog* (*Njord's domain*). Ancient place-names point to Tynnes having been a centre of worship particularly of the powers of fertility. *Vevatnet* (the sacred lake) is still the name of the lake where the image of *Njord* was bathed.

lomalderen og lenger var det ei mengd lågadels-setter i Sunnhordland, med sætegardar spreidde ut over bygdene her.

Sunnhordland har også fostra ein konge: Magnus Erlingsson, dotterson til Sigurd Jorsalfar og son til Erling Skakke. Han hadde Studla i Etne til hovudsæte og var i si tid kanskje den mektigaste hovding i landet. Han var son til Kyrrpinga-orm, som hadde tilnamnet sitt etter Kyrrping i Åkrafjorden.

Erling Skakke var det som bygde Halsnøy Kloster i åri 1164–68, eit av dei største kloster i landet og det fyrste som hadde hospital. Der sokte m. a. drotsæten Ogmund Finnsson inn og døydde der i 1388.

Det er heller lang tid no sidan dette klosterhospitalet var i drift. I dag har me *Valen Sjukehus* for sinnslidande, eit av dei største i landet i sitt slag. Det var opna i 1910. Oppi fure-skogen ovanfor Leirvik på Stord ligg den kjende Furuly Helseheim, som ventleg snart vert stommen i eit nytt fylkes-sjukhus.

Klostret på Halsnøy samla etter kvart så mykje jordegods, at då det vart nedlagt etter reformasjonen, vart jordegodset eit eige len, der mange mektige menn var lensherrar fram gjennom tidene. No eig Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag hovudbygningen og den gamle hagen, og skal ta hand om klosterruinane.

Det var etter måten lett å ferdast bygdene imellom i Sunnhordland i gamal tid også. Den gongen var det — endå meir enn no — båten og sjøen dei hadde å lita på. Sjøen er framleis viktigaste farvegen, og det store trafikk-selskapet

On the east side of the island is situated *Onarheim*, the meeting-place of the Onarheim guild. There lies the farm of *Hovland*, which was the seat of the *Mowat* family. Aksel Mowat was the wealthiest land-owner far and wide of his own time. The Dane *Rosenkrantz* married into this Norse-Scottish family and thus came into possession of the *Hatteberg* estate, which was the core of the baronetcy — one of the very few in the country — which was founded here. The main building and the park are still well preserved. The property has been conferred to the University of Oslo.

There are, on the whole, a great number of place-names that point to a very early settlement in many parts of Sunnhordland. *Huglo* in one of these. In the jetty at Nord-Huglo there was, not very long ago, discovered a rune-stone with its inscription. Round about in Kvinnherad, e. g. at Mehl and Ænes, prominent families had their seats. All through the Middle Ages and further on there were a considerable number of the lower gentry with their manors scattered over these parts of the country.

Sunnhordland has also fostered a king: *Magnus Erlingsson*, the grandson of *Sigurd Jorsalfari* and the son of *Erling Skakke* («wry-neck», from a wound). His main seat was *Studla* in *Etne*, and he was probably the mightiest chieftain of his time. He was the son of *Kyrrpinga Orm*, nicknamed from Kyrrping in the Åkrafjord. It was Erling Skakke who built *Halsnøy Kloster* during the years 1164–68, one of the largest monasteries in Norway and the first one to be provided with a hospital. There, among others, the king's constable *Ogmund Finnsson* took refuge and died, in 1388. — It is a long time now since the hospital was in existence. There is now *Valen* mental hospital, one of the largest of its kind in Norway.

Hardanger-Sunnhordlandske Dampskipsselskap har sytt for å halda sambandet oppe over sund og fjordar både til Bergen og søretter, med moderne, gode båtar. Men etter kvart som vegnettet har vorte utbygt, går meir og meir av ferdsla over på *tøgane*. Det same selskapet held oppe vegtrafikken med moderne materiell, sume stader aleine, andre stader i samarbeid med lokale buss-selskap.

I gamal tid, då dei mest hadde seksæringen á lita på når dei skulle til *byen* (Bergen), tok det mange dagar á koma fram og attende frá dei inste fjordbygdene, og for femti år sidan tok det framleis eit doger kvar veg — jamvel med dampskip — medan det no kan gjerast på nokre timar.

Det har vorte lagleg og lett á bu og ferdast i Sunnhordland.

Knut Markhus.

It was opened in 1910. In the fir-woods above Leirvik in Stord lies the well-known *Furuly sanatorium*, which form the nucleus of a new county hospital.

The monastery at Halsnøy in the course of time collected so much land that the estate at the Reformation was constituted a fief, of which many prominent men were lords. *Sunnhordland museum and historical society* now owns the main building and the old garden, and are preserving the ruins of the monastery.

Communications between the settlements in Sunnhordland were fairly easy also in the old days. It was then, still more than at present, *boats* that one had to rely on: Now also most of the traffic goes by sea, and the *Hardanger-Sunnhordland Steamship Company* maintains the connection through sounds and fjords northwards and southwards with first-rate modern boats. Still, the developing roads are gradually taking over more and more of the transport. The company mentioned, however, joins the road-traffic with modern vehicles, — in some places alone, in others co-operating with local coaching companies.

In the good old days when the six-oared boat (*seksæring*) was the usual means of communication with «byens», the town (i.e. Bergen), it took several days to get to and fro from the innermost fjord recesses, and only fifty years ago it still took both a day and a night each way — and that by steamer, — a distance which is now-a-days cleared in a few hours.

It has indeed become both easy and pleasant to dwell and to travel in Sunnhordland.